

## KORLEIS TA OPP EI SAK, KVEN KAN KONTAKTAST?

Teamet har faste møter ein gong pr. månad.  
Ved behov kan teamet kallast inn, på kort varsel,  
for akutt møte.



Kontakt Konsultasjonsteamet  
**992 16 092**



### KONTAKTINFORMASJON

#### Konsultasjonsteamet for vald og overgrepssaker

Tlf.: 992 16 092  
[oygarden.kommune.no](http://oygarden.kommune.no)



Lurer du på  
om barn og unge  
blir utsett for  
vald eller  
overgrep?

Konsultasjonsteamet for  
vald og overgrepssaker



Kjenner du på ein uro? Har du ei därleg magekjensle rundt kva eit barn eller ein ungdom du kjenner, kan vera utsett for? Saker om overgrep mot barn er kompliserte og fagleg krevjande. Det kan vera nyttig å sokja råd og rettleiing så tidleg som råd, for å sikra at barnet får rett hjelp til rett tid.

Om du har mistanke om vald eller overgrep mot barn eller unge, er det teikn du kan sjå etter.  
Barnet kan:

- ha endra oppførsel, t.d uro, konsentrasjonsvanskar, trist, redd, aggressiv
- vera inneslutta, fjern, vanskeleg å få kontakt med eller roa ned
- ha fysiske skader som ikkje stemmer med forklaringa som blir gitt
- fortelja deg ting som ikkje kjennes riktig


## KVA ER EIT KONSULTASJONSTEAM?

Teamet er meint som eit forum der ein kan drøfta saker som handlar om vald og overgrep. Det er eit tverretatlag team som skal gi råd og rettleiing i saker der det er mistanke om at eit barn kan vera utsett for:

- Vald
- Å vera vitne til vald
- Seksuelle overgrep
- Kjønnslemlesting
- Tvangsgifte
- SSA; Skadeleg Seksuell Atferd

Sakene kan drøftast anonymt.

Teamet har teieplikt



## KVEN ER VI?

I teamet er det faste representantar frå:

- Barnevernenesta
- Helsestasjon
- Kommunepsykolog
- Familie- og rettleiingssenteret
- Rettleiarteam for skule
- PPT
- Sexolog

## KVEN KAN KONTAKTA OSS?

Alle som er bekymra for at barn eller unge kan vera utsette for overgrep:

- Personar som gjennom si yrkesutøving eller frivillig arbeid får ei bekymring; t.d. lærar, barnehagepersonell, SFO-tilsett, trenar, leirleiar
- Privatpersonar som foreldre, besteforeldre, naboar eller andre, kan og kontakta teamet for å få hjelp

## KVA KAN VI HJELPA MED?

- Støtte til å konkretisera bekymringa
- Bidra med fagleg kunnskap rundt konsekvensar for barn som blir utsett for vald eller overgrep
- Gje råd og oppfølging for det vidare arbeidet for å sikra at barnet får rett hjelp til rett tid